



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-010
Arkivsaksnr: 18/1514	Løpenr: 19/7275
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	24.10.2019	056/2019

Godkjenning av kommunestyrevalet 2019

24.10.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 056/2019 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyrevalet 2019 i Samnanger vert godkjent.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyrevalet 2019 i Samnanger vert godkjent.

Dokument som er vedlagt:

Valstyret sin valprotokoll for kommunestyrevalet 2019

Dokument som ikkje er vedlagt:

Vallova

Kommunelova

Kva saka gjeld:

Etter reglane i vallova § 13-4 (1) jf. kommunelova § 7-1 andre avsnitt, skal det nyvalde kommunestyret treffa vedtak om kommunestyrevalet er gyldig. Dette skal gjerast som første sak i kommunestyret sitt konstituerande møte. Det er sitjande ordførar som leiar handsaminga av denne saka. Val av formannskap, ordførar m.m. kan ikkje gjerast før kommunestyret har avgjort om valet er gyldig.

Teksten i vallova § 13-4 er som følgjer:

§ 13-4. Kontroll av fylkestingsvalg og kommunestyrevalg. Ugyldig valg - omvalg

1. Det nyvalgte fylkestinget treffer vedtak om fylkestingsvalget er gyldig. Det nyvalgte kommunestyret treffer vedtak om kommunestyrevalget er gyldig.
2. Fylkestinget skal kjenne fylkestingsvalget i en kommune eller i hele fylket ugyldig hvis det er begått feil som antas å ha hatt innflytelse på fordelingen av mandatene mellom listene og som det ikke er mulig å rette.
3. Kommunestyret skal kjenne kommunestyrevalget i kommunen ugyldig hvis det er begått feil som antas å ha hatt innflytelse på fordelingen av mandatene mellom listene og som det ikke er mulig å rette.
4. Hvis fylkestinget eller kommunestyret kjenner et valg ugyldig, skal det sendes melding til departementet, som påbyr omvalg. Ved fylkestingsvalg kan departementet i særlige tilfeller påby omvalg i hele fylket, selv om feilen ikke gjelder alle kommunene i fylket.
5. (5) Bestemmelsen i kommuneloven § 59 om lovlighetskontroll gjelder tilsvarende. Fristen for å fremsette begjæring om lovlighetskontroll er likevel sju dager etter at fylkestinget eller kommunestyret har truffet vedtak etter første ledd.

Valstyret i Samnanger godkjende 10.09.2019 (sak 012/19) valprotokollen for kommunestyrevalet 2019. Kopi av valprotokollen følger som vedlegg til dette saksframlegget.

Klage/klagereglar

Vallova har i § 13-2 reglar om klage på val:

§ 13-2. Klage ved fylkestingsvalg og kommunestyrevalg

(1) Alle som har stemmerett, kan klage over forhold i forbindelse med forberedelsen og gjennomføringen av fylkestingsvalget i det fylket vedkommende er manntallsført, og ved kommunestyrevalget i den kommunen vedkommende er manntallsført. Gjelder klagen spørsmål om stemmerett eller om adgangen til å avgi stemme, har også den som ikke er blitt manntallsført, klagerett.

(2) Klage må fremmes innen sju dager etter valgdagen. Klage over valgoppgjøret må fremmes innen sju dager etter at valgoppgjøret er godkjent i fylkestinget eller kommunestyret.

(3) Klagen skal være skriftlig og skal fremsettes for valgstyret i kommunen ved kommunestyrevalg og for fylkesvalgstyret ved fylkestingsvalg. Gjelder klagen forhold av betydning for begge valg, anses den å gjelde begge og kan fremsettes enten for valgstyret eller fylkesvalgstyret.

(4) Departementet er klageinstans. Departementet skal kjenne fylkestingsvalget i en kommune eller i hele fylket eller kommunestyrevalget i en kommune ugyldig dersom det er begått feil som antas å ha hatt innflytelse på fordelingen av mandatene mellom listene og som det ikke er mulig å rette. Departementets vedtak i klagesaker etter denne paragraf er endelige og kan ikke bringes inn for domstolene.

Fristen for å klaga å forhold i samband med førebuinga og gjennomføringa av kommunestyrevalet, er sju dagar etter valdagen. Valdagen var 09.09.2019. **Samnanger kommune har ikkje motteke nokon slike klagar.**

Det er òg høve til å klaga på valoppgjeret. Fristen for å fremja slik klage er sju dagar etter at valoppgjeret er godkjent av kommunestyret.

Vurderingar og konsekvensar:

Valstyret gjekk 10.09.2019 gjennom og godkjende valprotokollen for kommunestyrevalet 2019. Det ligg ikkje føre klagar knytt til valet, eller annan informasjon som tilseier at valet ikkje kan godkjennast.

